

Kontrakt.

Lavik Helseheim og Knut Kvammen er i dag vortne sande om:

1. Lavik Helseheim får leggje kloakkleiding frå nybygget og over Knut Kvammen sin eigedom Nedre Kvammen Gnr. 5. brnr.4 i Lavik herad, og knyte til på den gamle kloakkleidinga på eit nærare fastsett punkt nedanfor bøggrinda.
2. Lavik Helseheim betalar til Knut Kvammen innan 1/12 1939 kr. 20,00 - tjue kroner-. ein gong for alle som vederlag for grunn og ulemper.
3. Lavik Helseheim skal setje den gamle kloakkleiding, som Helseheimen tidlegare har fått løyve til å leggje over eigedomen i fullt forsverleg stand like til utlaupet i sjøen. Dette arbeidet skal utførast under kyndig fagmessig kontroll og etter dei føreskrifter som gjeld for slike anlegg. Leidinga skal for ettertida stendigt bli ettersedd og halda i orden. Utbetringa skal vere ferdig innan 1. januar 1940.
4. Elvegrøfta/som renn sørover frå Helseheimen skal steinsetjast i botnen, murast og attleggjast i ei lengd av 20 tjue - meter frå bygdevegen. Turvande stein til arbeidet har ein rett til å ta på Knut Kvammen sin eigedom. Dette arbeidet skal vere ferdig innan 1/4 1940.
5. Denne kontrakta skal tinglysast som hefte på Knut Kvammen sin eigedom gnr 5. brnr. 4 i Lavik herad. Helseheimen betalar kostnaderne hermed.

Lavik den 11/11-39

H. Pettersen